



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

Att. Terje Kaldager

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Fråsegn til ny statleg planføresegn for kjøpesentra og handel

Vi viser til forslag til ny statleg planføresegn for kjøpesentra og handel som er lagt ut på høyring.

Fylkesmannen i Rogaland støttar dei endringane i statleg planføresegn som er føreslått. Det er positivt at ny planføresegn er tydeleg på kva slag handel som er omfatta av forbodet, og er konkret på kva vareslag som forbodet ikkje gjeld for. Det er også positivt at føresegna ikkje opererer med omgrep som er vanskeleg å tolke; omgrep som "plasskrevande varer", "storhandel" med vidare. Dei opplista vareslaga samsvarer med vareslaga i snart vedtatt Regionalplan for Jæren.

For siste avsnittet i § 3 vil vi rå til at formuleringa "*den dominerende delen av vareutvalget*" blir tatt ut. Ved å gjere det, vil det bli enda tydelegare at forbodet utelukkande gjeld dei opplista vareslaga.

Det er positivt at avgrensa senterområde i kommuneplan og regionalplan er styrande for kor kjøpesenter og handel skal lokaliserast. Vi vil rå til at MD følgjer opp med kva krav som skal vere til avgrensing og arealformål i sentrumsområde i kommuneplanar/ kommunedelplanar. Og presiserer at etablering av handel også må vere i tråd med regulering i detaljplan/områdeplan. Nasjonal planføresegn må ikkje svekke kommunen sitt høve til å styre ulike nærings- og handelsetableringar til ulike bysentra eller deler av slike om dei ynskjer det.

Med helsing

Tora Aasland

May Britt Jensen
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Morten Sageidet
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 11
E-post: fmromos@fylkesmannen.no

Kopi til:

Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Karmøy kommune	Rådhuset	4250	Kopervik
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes